

Kven kan få tilleggsstipend ved nedsett funksjonsevne?

Tilleggsstipend kan bli gitt i tillegg til vanleg utdanningsstøtte og er på inntil 3 922 kroner per måned. Stipendet er meint for søkarar som er i stand til å studere, men som på grunn av nedsett funksjonsevne bruker så mykje tid og krefter på å studere, at dei ikkje kan ha lønna arbeid ved sidan av studiet utan at det vil gå ut over normal studieprogresjon. Med lønna arbeid meinast alt arbeid der lønna er skattepliktig. Dette gjeld også for søkarar som tener under grensa for frikort. **Unntak:** Søkarar som har verv ved sidan av utdanninga har rett til tilleggsstipend uavhengig av om dei mottar skattepliktig honorar eller lønn frå vervet.

Det er lege, spesialist eller annan fagperson med særleg kjennskap til den nedsette funksjonsevna som må stadfeste søknadsopplysningane. Det må bli gjort ei vurdering av funksjonsevna til søkaren og korleis den vil innverke på studiesituasjonen i studieåret 2021–2022. Lege/fagperson må gjere ei eiga vurdering av korleis den nedsette funksjonsevna påverkar studiesituasjonen i dette studieåret.

Hugs å søke om lån og stipend

For å få tilleggsstipend må du ha sendt inn [søknad om lån og stipend på www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no) for same periode som du skal søke om tilleggsstipend for. [Du finn fristane for søknaden om lån og stipend på www.lanekassen.no/fristar.](http://www.lanekassen.no/fristar)

Søknadsfrist for tilleggsstipend

Du må sende dette skjemaet i posten. Det må ha komme inn til Lånekassen før perioden du har søkt om stipend og lån for, er avslutta.

Ekstra lån og stipend for sommaren og stipend til forseinking

Du kan også søke om lån og stipend for sommaren, eller om stipend til forseinking utover eitt år / 60 studiepoeng. [Les meir om støtte for sommaren og stipend ved forseinking, og om korleis du søker, på www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne.](http://www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne)

1 Personlege opplysningar

Kundenummer i Lånekassen	Fødselsnummer (11 siffer)
Etternamn	Fornamn og mellomnamn

2 Stadfesting frå lege (fyllast ut av lege, spesialist eller fagperson)

Pass på at personlege opplysningar i punkt 1 er utfylte før du kryssar av i punkt 2.

Lånekassen kan også godta stadfesting frå spesialist/fagperson med særskilt kjennskap til den nedsette funksjonsevna.

Merk: Personar som kan reknast som inhabile på same måte som persongrupper omtalte i forvaltningslova § 6, kan ikkje stadfeste søknadsopplysningane.

Må søkaren på grunn av nedsett funksjonsevne, bruke betydeleg meir tid og krefter på utdanninga enn det som er vanleg, og fører dette til at søkaren ikkje kan ha lønna arbeid ved sida av utdanninga utan at det går ut over normal studieprogresjon?

Ja Nei

Ved å svare **Ja** stadfester du at den nedsette funksjonsevna fører til at det er nødvendig for søkaren å bruke vesentleg meir tid og krefter på å studere for å oppretthalde normal studieprogresjon. Du stadfestar også at konsekvensen av ekstra tidsbruk er at søkaren ikkje har kapasitet til å ha nokon form for lønna arbeid ved sida av studia i den perioden stadfestinga gjeld for. Begge forhold må vere oppfylte for å svare **Ja** på spørsmålet. Dersom berre eitt av forholda er oppfylt, må du svare **Nei** på spørsmålet.

Merk: Søkaren kan ikkje ha lønna arbeid i det heile tatt så lenge han/ho får dette stipendet. Det gjeld for alle dagar i veka og i feriar i perioden frå og med 16.08.2021 til og med 15.01.2022 for hausten, og frå og med 16.01.2022 til og med 15.06.2022 for våren.

Skjemaet fortset på neste side





Er søkeren i stand til å studere i perioden stadfestinga gjeld for? Ved å svare Ja stadfester du at søkeren er i stand til å studere og er studieaktiv i heile søknadsperioden. Tilleggsstipendet kan ikkje bli gitt til ein søker som er heilt studieufør på søknadstidspunktet for tilleggsstipend. Søkar som er studieufør i kortare periodar fordi den nedsette funksjonsevna blir forverra, eller er studieufør av andre medisinske årsaker, kan ha rett til sjukestipend. Les meir om sjukestipend på www.lanekassen.no/sjuk .		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Kva periode gjeld stadfestinga for? Her forsikrar du at stadfestinga du har gitt, gjeld for heile perioden du kryssar av for. Hugs at søkeren må levere søknad med ny stadfesting frå lege / annan fagperson for kvart studieår, fordi det er situasjonen i det aktuelle året som avgjer om søkeren har rett til tilleggsstipendet eller ikkje.		Haust 2021 <input type="checkbox"/> (16.08.2021–15.01.2022)	Vår 2022 <input type="checkbox"/> (16.01.2022–15.06.2022)
Dato	Namnet til lege/fagperson med blokkbokstavar (Dersom annan profesjon enn lege, oppgi profesjonstittel)	Stempel og underskrifta til lege/fagperson	

3 Underskrifta til søkeren

Dette skriv eg som søker under på:

- Eg forsikrar at eg på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje er i stand til å ha nokon form for skattepliktig lønna arbeid ved sidan av studiet i heile perioden eg søker om tilleggsstipend for, både kvardagar, helgar og feriar. Unntak frå vilkåret gjeld dersom eg har eit verv, og ikkje eit ordinært arbeid.
- Eg forsikrar at eg er i stand til å studere og er studieaktiv i heile perioden eg søker om tilleggsstipend for.
- Eg er kjend med vilkåra for ekstrastipend til søkarar med nedsett funksjonsevne, som eg finn i §§ 73 og 83 i [forskrifta om utdanningsstøtte på www.lanekassen.no/forskrifter-nn](http://www.lanekassen.no/forskrifter-nn).
- Eg forsikrar at opplysningane eg har gitt i denne søknaden, er riktige og så fullstendige som mogleg. Dersom det oppstår endringar etter at søknaden er sendt inn, for eksempel forbetring av arbeidsevna mi, slik at eg kan ta lønna arbeid ved sida av utdanninga, forpliktar eg meg til å gi Lånekassen melding om det. Sjå kapittel 13 i forskrifta om utdanningsstøtte.
- Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i [utdanningsstøttelova på www.lovdata.no](http://www.lovdata.no), forskrifta om utdanningsstøtte og [forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar på www.lovdata.no](http://www.lanekassen.no).
- Eg er kjend med at tilleggsstipend for søkarar med nedsett funksjonsevne blir behovsprøvd mot inntekta, trygda og formuen min og mot formuen til ein eventuell ektefelle / sambuar eg har barn saman med. Tilleggsstipend kan bli gjort om til lån dersom inntekta og/eller formuen har vore høgare enn dei fastsette grensene, jf. kapittel 12 i forskrifta om utdanningsstøtte. Person- og kapitalinntekta og formuen på skattefastsettinga for dei kalenderåra eg har fått støtte, blir lagde til grunn.
- Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at stipendet blir gjort om til lån, at eg må betale tilbake støtte eg ikkje hadde rett til, og at lånet kan bli rentebelasta og eventuelt sagt opp. Eg er klar over at eg også kan miste retten til utdanningsstøtte, betalingslette og sletting av gjeld i framtida, og at grove tilfelle kan bli melde til politiet, jf. kapittel 13 i forskrifta om utdanningsstøtte.

Dato	Underskrifta til søkeren
------	--------------------------

Skjemaet sender du til **Lånekassen, postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo**.
[Les meir om tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne på www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne](http://www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne).

Behandling av personopplysningar: Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. [Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn](http://www.lanekassen.no/personvern-nn).